

Fra: jthv@online.no
Sendt: onsdag 15. juni 2022 14:42
Til: 'Bergen og Omland Friluftsråd'
Kopi: Postmottak Alver; bente.hervik@alver.komm; rune
Emne: SV: Uttoskavågen

Hei!

Etter å ha prøvd og lese meg opp litt om friområder, fant eg ut at tiltak i statleg eigde friområde krov ein forvaltningsplan. Denne burde reviderast ved jevne mellomrom. Snakka med Bente Hervik i Alver kommune for å finna ut om Uttoska friområde har ein slik plan. Ho rådde meg til å ta kontakt med BOF og etterlysa denne. Finnst ei slik plan?

Det er mange planar i Alver som er under utarbeidelse og revisjon no.

[Plan for friluftslivets ferdselsårer](#), [Plan for område i sjø og Arealplan for Alver kommune](#).

Alle desse planane berører etter mitt syn Uttoska og ellers andre friområder. Stiftelsen Uttoskavågen har sendt inn innspel til Plan for område i sjø. Kanskje ein burde sett på desse planane i felleskap?

Har du synspungt på dette? Eller Bente og Rune?

Mvh.

Jan Tore Hvidsten
99237769

Fra: Bergen og Omland Friluftsråd <firmapost@bof.no>
Sendt: fredag 6. mai 2022 14:34
Til: jthv@online.no; Bergen og Omland Friluftsråd <firmapost@bof.no>
Kopi: Rune fanebust <rune@manger.no>; rune.fanebust@lofoten.no; Bjørn Nilsen <bjorn.nilsen@bof.no>
Emne: SV: Uttoskavågen

Hei.

Kjekt å sjå det er masse folk der ute ☺

Diverre kjem ein del dårlege nyheiter herfrå...

- a. BOF hadde jo planar om å ta med ei forlenging (dobling i storleik) av eksisterande flytebrygge-/kaianlegg. Etter dialog med Vestland fylkeskommune, som er grunneigar Miljødirektoratet sin lokale forvaltingsmynde i grunneigar spørsmål, etc., så var ikkje dei begeistra for utviding av eksisterande anlegg. Så dei ba oss ta det ut av byggjesøknaden, og så fekk ein heller starte opp ein eigen prosess for å sjå på det. I utgangspunktet ønskja dei ikkje ei utviding.
- b. Etter å ha sendt inn søknad om padlehuken til byggjesaksavdelinga i Alver kommune, så har me fått nabomerknad frå 6 grunneigarar på Toska, som har felles utmarksbeite på Uttoska (lenger ute), og dei seier dei har nokre rettar ang. å beite der ute (utanfor friluftsområdet), men så har dei rett til å ta dyra sine forbi den lokaliteten me ønskjer å bygge padlehuken, og i tillegg skal dei ha rett til å samle dyra sine der. Dei meiner sterkt at me ikkje kan ha padlehuken der. Summa summarum etter dialog med representant for dei 6 grunneigarane og sakshandsamaren til byggjesaka i Alver kommune, så vurderer me eigentleg sterkt å flytte padlehuken til eit anna

- friluftsområde. Me har deadline til 01.12.2022 å få bygd dette bygget, så me har ikkje tid til ein eventuell klagehandsaming og behandling i systemet.
- c. BOF held for tida på med å avvikle svaibøyene våre rundt om i kommunane, så det vil òg gjelde svaibøya i Uttoskavågen. Me har utfordringar med å drifte og vedlikehalde dei på ein tilstrekkeleg måte. Me får berre fleire og fleire uønskja hendingar med desse. Av ulike grunnar så slit bøyer og kjem på rek med og utan båtar, som fører til skader og erstatningskrav mot oss. Kongelig Norsk Motorbåtforbund (KNBF) som eigentleg starta opp prosjektet i si tid har vedteke å avvikle si rolle i det gjennom eit styrevedtak i 2021. Det er veldig synd det skal vere slik, og tilbodet til dei med båt vert jo diverre dårlegare som følgje av dette.
 - d. Skjellsand (sand) har me diverre ikkje lov å leggje ut lenger. Alver kommune har gjeve oss beskjed om at all utlegging av skjellsand er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova (pbl). Me har starta opp ein dialog med Alver kommune for å vurdere om det finst nokon måte å løyse denne problemstillinga på. Om ikkje, så vil BOF i praksis kvar gong måtte søkje om å få leggje ut skjellsand gjennom, dispensasjonssøknad for tiltak i strandsona, med tilhøyrande kommunale gebyr. I praksis vil dette bety at me ikkje kan leggje ut skjellsand lenger rundt om i våre friluftsområde.

Med venleg helsing

Lars Torgilstveit

Driftsplanleggjar

Tlf: 55 39 29 58



Hellebakken 45 | 5039 Bergen | www.bof.no

Følg BOF på [Instagram](#) | [Facebook](#) | [YouTube](#) | [LinkedIn](#) | Meld deg på [nyhendebrevet](#) til BOF

Fra: jthv@online.no <jthv@online.no>

Sendt: søndag 24. april 2022 22:06

Til: Bergen og Omland Friluftsråd <firmapost@bof.no>

Kopi: Rune fanebust <rune@manger.no>; rune.fanebust@lofoten.no

Emne: Uttoskavågen

Hei!

Var på Uttoska i finværet i helga. Det var masse folk som kom både til fots, med båt og med kajakk. Det var vår første tur ut der i år. Alt såg fint ut . Det var ingen skader. Etter at vi drenerte elva bort frå badeplassen, såg det ut til at skjellsanden holdt seg bra på plass. Men det hadde gjort seg med litt ekstra påfyll.

Skal de ut der med Frifant i forbindelse med padlehytta eller av andre grunnar?

Er det mulig å få levert ut 4-5 storsekkar dersom de likevel skal til Toska eller har oppdrag i nærheten?

Får me sand levert på stranda , skal me klara resten sjølve. 😊

Helsing Rune Fanebust og Jan Tore Hvidsten.